



ÅRSMELDING 2018

SKL LEVERER REIN ENERGI!.....	3	NOTE 4 – SAMANSLÅING AV POSTAR I REKNESKAPEN .....	33
HOVUDTAL 2018.....	5	NOTE 5 – KONSOLIDERTE SELSKAP .....	35
HOVUDTAL 2013–2018 .....	6	NOTE 6 – LØNNSKOSTNADER, TILSETTE, GODTGJERSLE M.M. ....	36
STYRET SI ÅRSMELDING 2018 .....	7	NOTE 7 – PENSJONSKOSTNADER/ -ANSVAR.....	38
SELSKAPSSTRUKTUR OG ORGANISASJON .....	13	NOTE 8 – VARIGE DRIFTSMIDLAR .....	40
REKNESKAP .....	14	NOTE 9 – IMMATRIELLE EIGEDELAR .....	42
RESULTATREKNESKAP .....	15	NOTE 10 – AKSJAR OG ANDELAR I ANDRE SELSKAP .....	44
BALANSE .....	17	NOTE 11 – FORDRINGAR, ANNA KORTSIKTIG- OG LANGSIKTIG GJELD .....	47
KONTANTSTRAUM .....	21	NOTE 12 – SKATT .....	50
REVISOR SI MELDING .....	23	NOTE 13 – AKSJEKAPITAL OG AKSJONÆRINFORMASJON.....	60
NOTAR .....	24	NOTE 14 – EIGENKAPITAL.....	61
NOTE 1 – REKNESKAPSPRINSIPP .....	26	NOTE 15 – PANT OG GARANTJAR.....	62
NOTE 2 – TRANSAKSJONAR OG MELLOM- VERANDE MED NÆRSTÅANDE PARTAR .....	28		
NOTE 3 – FINANSIELL MARKNADSRISIKO .	32		



# SKL LEVERER REIN ENERGI!



💧 ÅRET 2018  
VISTE OSS DEI  
KVALITETANE  
SOM ER I SKL  
SINE ANLEGG. 💧

**Klimaendringar er ikkje noko som kan koma i framtida. Dei er her no. For å møte utfordringane med eit klima i endring, må me bruka energi med omtanke. Ikkje minst tenkja over korleis den energien vert til.**

Vasskrafta SKL produserer er eit viktig element i korleis me som nasjon kan møte målsetjingane om meir fornybar energi. SKL har dobla produksjonen av fornybar energi dei siste 20 åra. Denne tanken om å auka straumproduksjonen vil me halda fram med. Difor er det alltid nye og spanande prosjekt i emning hjå oss. Både stor og regulerbar kraft, men også gode småkraftprosjekt. Men alltid med tanke om å vera varsam med naturinngrep og tenkja på naturmangfald.

Vasskrafta er vår felles eigedom. Både fordi styresmaktene har sett strenge krav til skattar og avgifter som kjem fellesskapet til gode, men også fordi det aller meste av norsk vasskraft er offentleg eigd. Slik vert verdiskapinga frå den reine energien me produserer til utvikling av nærområdet, regionar og heile landet.

Energibransjen er ei næring som har ein særleg posisjon i det grønne skiftet. Det må skapast alternativ til fossile løysingar, og alternativa må vera konkurransedyktige både på kostnad og på miljø. SKL trur hydrogen er ein del av framtidens løysing.

Hydrogen kan produserast på fleire måtar, men for SKL er det elektrolyse av vatn som gjeld. Eit heilt reint produkt. Går det slik me vonar vil me sjå hydrogen som drivstoff i både bilar, lastebilar, bussar og snøggåtar om ikkje så lenge. Denne utviklinga vil SKL vera ein del av.

SKL har lagt bak seg eit historisk godt år med rekordresultat. Året 2018 viste oss dei kvalitetane som er i SKL sine anlegg. Når andre kraftprodusentar fekk lite nedbør i den tørre sommaren, fekk SKL rikeleg med vatn frå Folgefonna.

SKL sine anlegg har i 2018 hatt godt tilgjenge, og produksjonen i 2018 vart nok ein gong på omlag 3 TWh (vél 2 % av samla produksjon i Norge, noko som tilsvarer energiforbruket til 180 000 husstander etter SSB sine tal). Saman med gode prisar gjer dette at SKL sitt resultat vart over 350 mill. kr etter skatt. Totalt inkludert skattar og avgifter som SKL har betalt i 2018, er det skapt verdiar for ca 865 mill. kr. Dette er resultat SKL er stolt av og som kjem dei offentlige eigarane og oss alle til gode.

SKL har i 2018 starta bygginga av eit nytt moderne kraftverk i Litledalen i Etne. Kraftverket erstattar tre aggregat i eksisterende anlegg. Når Løkjelsvatn kraftverk er ferdig vil det produsera 163 GWh, effekten vert samtidig auka frå 52 MW til 76 MW.

I tillegg til å byggja Løkjelsvatn kraftverk har me fleire nye prosjekt på trappene. Lengst framme er Risvollselva i Sauda som skal gi 20,5 nye GWh. Arbeidet med Risvollselva startar våren 2019. I tillegg arbeider me med Onarheim kraftverk på Husnes. Vi arbeider òg med realisering av Håfoss Kraftverk, Einungstølsåna og Jarlshaug. Totalt vil desse prosjekta kunne gje oss opp mot 100 nye GWh. SKL legg derfor innhald i strategien om vekst.

SKL sine gode resultat er òg eit bevis på at den strategien me har lagt for selskapet har vore rett for selskapet og eigarane. SKL er no ein konkurransedyktig kraftprodusent med kompetente medarbeidarar som har fokus på å utvikla selskapet for å møte framtida. Ei framtid som handlar om korleis me kan læra meir av dei data som me allereie samlar inn. SKL er godt i gang med dette arbeidet for å sikra at me også er konkurransedyktige i framtida.

**John Martin Mjånes**  
Adm. direktør

# HOVUDTAL 2018

1 255

Omsetning  
i mill. kr.

818

Driftsresultat  
mill. kr.

2 540,0 GWh

Total produksjon i SKL sine anlegg

355

Årsoverskot  
mill. kr. etter skatt

210

Utbytte  
mill. kr.

Det tilsvarar eit gjennomsnittleg års-  
forbruk for over 160 000 husstandar\*

3 892

Totalkapital  
i mill. kr.

2 319

Eigenkapital  
mill. kr.

59,6 %

Soliditet  
eigenkapital i % av totalkapital

54,2 %

Likviditetsgrad 1  
omløpsmidlar i % av kortsiktig gjeld

21,8 %


Totalrentabilitet  
før rentekostnader i % av totalkapital

35,5 %

Eigenkapitalrentabilitet  
før skatt i % av gj.sn. eigenkapital

58

Årsverk  
pr 31.12



		2018	2017	2016	2015	2014	2013
<b>RESULTATREKNESKAP</b>							
Omsetning	mill. kr.	1 255	807	710	746	845	1 020
Driftsresultat	mill. kr.	818	411	284	154	299	413
Årsoverskott etter skatt	mill. kr.	355	153	161	51	124	185
Utbyte	mill. kr.	210	115	120	38	93	139
<b>BALANSE</b>							
Totalkapital	mill. kr.	3 892	3 723	3 827	3 671	3 151	3 129
Eigenkapital	mill. kr.	2 319	2 178	2 157	2 103	1 290	1 318
Soliditet (eigenkapital i % av totalkapital)	%	59,6	58,5	56,4	57,3	40,9	42,1
Likviditetsgrad 1 (omløpsmidler i % av kortsiktig gjeld)	%	54,2	58,6	91,0	208,1	33,6	37,4
FFO/IBD	%	188,3	39,4	21,1	20,1	15,8	22,7
<b>RENTABILITET</b>							
Totalrentabilitet (resultat før rentekostnader i % av totalkapital)	%	21,8	11,5	7,6	4,7	9,8	13,5
Eigenkapitalrentabilitet før skatt (resultat/eigenkapital)	%	35,5	18,7	12,1	6,2	20,9	29,0
<b>ÅRSVERK</b>							
Årsverk per 31.12.		58	60	68	111	116	122

# STYRET SI ÅRSMELDING 2018



**John Martin Mjånes**  
Adm. direktør



**Didrik Brun Ferkingstad**  
Styreleiar



**Olav Osvoll**  
Nestleiar



**Olav Linga**  
Styremedlem



**Ragnhild Bjerkvik**  
Styremedlem



**Willie Wågen**  
Styremedlem



**Benthe Enes Bondhus**  
Styremedlem



**Egil Åkra**  
Styremedlem tilsette



**Anne-Gro Fiveland**  
Styremedlem tilsette

## Konsernet Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) er eit reindyrka konsern innan produksjon og utvikling av fornybar vasskraft.

SKL sin kraftproduksjon ligg i all hovudsak i Hordaland og Rogaland fylke. Hovuddelen av kraftproduksjonen og driftsmiljøet er lokalisert til Matre i Kvinnherad kommune, der fleire stasjonar nyttar vassressursane i Blådalsvassdraget. SKL har også ei driftsavdeling i Litledalen i Etne kommune tilknytt Litledalen- og Hardeland Kraftverk. I tillegg eig og driv SKL Eikelandsosen kraftverk i Fusa, Rødne Kraftverk i Vindafjord, Bordalsbekken i Tysvær og to mindre stasjonar på Stord. SKL er også medeigar i Sima kraftverka (8,75 %) i Eidfjord og Ulla Førre kraftverka (2,54 %) i Rogaland og Aust Agder. Midlare kraftproduksjon i stasjonane er 2 224 GWh.

Småkraftsatsinga skjer hovudsakleg i egne dotter-selskap og tilknytte selskap. I konsernet inngår også seks småkraftverk i egne selskap med ein total midlare kraftproduksjon på 78 GWh. Gjennom tilknytte selskap har SKL eigarskap i ti småkraftverk, herav tre som er sett i drift i 2018.

Selskapet deltek også i kraftproduksjon i Sauda gjennom eigardel på 15 % i AS Saudefaldene.

Driftssentralen som overvakar og styrer produksjonsanlegga er lokalisert til Stord, som også er sete for hovudkontoret til selskapet.

## VIDARE DRIFT

Årsrekneskapet er avlagt under føresetnad om vidare drift. Styret stadfestar at føresetnaden er til stades.

## ARBEIDSMILJØ OG PERSONALE

Ved utgangen av 2018 hadde SKL 58 tilsette og tre lærlingar, mot 61 tilsette i 2017. Totalt utgjer dei 58 tilsette 57,1 årsverk i 2018 mot 60,1 årsverk i 2017.

SKL har sidan 2002 vore IA- bedrift. Det er etablert ein livsfasetilpassa personalstrategi med heilskapleg fokus på: helse, motivasjon, kompetanse og livsfase. Målsetjinga er, i samarbeid med den einskilde, fagforeiningane, bedriftshelsetenesta og NAV, å redusere sjukefråværet og leggje til rette for at tilsette kan arbeide lenger før uttak av pensjon.

I 2018 hadde SKL ingen skader hjå tilsette, som medførte fråvær, dette gav H1-verdi lik 0. Tilsvarende tal for 2017 var ingen skadar med fråvær og H1-verdi lik 0. Samla sjukefråvær var 2,7 % mot 1,5 % i 2017.

SKL har tilsett ressurs som har ansvar for systematisk HMS-arbeid. SKL har samarbeidsavtale med bedriftshelsetenesta, Internasjonal SOS.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har tre tilsette- og tre arbeidsgjevarrepresentantar. I tillegg møter representant frå administrasjonen og frå International SOS. AMU gjennomførte fire møter i 2018. Faste saker er internkontroll, oppfølging av sjukefråvær, arbeidsrelaterte ulukker, skadar og andre uynskte hendingar. AMU handsamar og rapportar frå HMS- tenesta, byggesaker og AMU-årsrapport.

## LIKESTILLING

Av 58 tilsette er 48 menn (47,3 årsverk) og ti kvinner (9,8 årsverk). Med unntak av administrasjon er SKL si verksemd knytt til område der menn generelt i arbeidslivet er i overvekt.

Styret har åtte medlemmer, fordelt på fem aksjonærvalde, eitt utpeika av Hordaland fylkeskommune og to tilsettere representantar. Styret er samansett av fem menn og tre kvinner. SKL har generelt innretta si verksemd for å imøtekoma krav og føremål som fylgjer av likestillingslova. Av særlege tiltak kan nemnast ein aktiv og individuelt tilpassa livsfasepolitikk.

## YTRE MILJØ

SKL sine primæraktivitetar er å nytte vatn til produksjon av rein energi. Produksjon av vasskraft har miljømessige fordelar framfor anna energiproduksjon. SKL er oppteken av å førebyggje og avgrense miljøkonsekvensar, mellom anna gjennom tiltak i samband med vassdrags- og konsesjonsvilkår. Sjølv produksjonsprosessen påverkar ikkje ytre miljø.

Utbygging og drift av vasskraftanlegg inneber likevel inngrep i naturen. Størst verknad har inngrepa i samband med regulering og magasinering av vatn.

Det vert nytta PCB-fri olje i alle transformatorar og andre oljehaldige komponentar. Det er etablert oljegruver for oppsamling av olje ved eventuell lekkasje.

Konsernet har i 2018 ikkje hatt vesentlege uynskte hendingar som har skada ytre miljø.

## OM DRIFTA

Produksjonen i 2018 vart på totalt 2 540 GWh i SKL. Det er 315 GWh eller 14 % meir enn det som er rekna som middels produksjon. Det skuldast i hovudsak svært mykje nedbør i løpet av hausten 2018

Dei konsoliderte småkraftverka hadde ein produksjon på 72 GWh. Dette er 6 GWh lågare enn midlare produksjon, og skuldast mellom anna den tørre sommaren.



Magasininnhaldet var ved inngangen til 2018 140 GWh høgare enn ved utgangen. Total nedbør i Matre vart 3 188 mm (12 % høgare enn normalt) mot 3 776 mm i 2017.

Totalt vart dekningsbidraget av kraftomsetninga for 2018 på 1033,6 mill. kr mot 696,6 mill. kr i 2017 (Sal energi fråtrekt kjøp energi) i SKL AS. I konsernet vart dekningsbidraget på kraftomsetninga 1 053,2 mill. kr, mot 710,9 mill. kr i 2017.

Dekningsbidrag frå sal av sertifikat og garantiar utgjorde 39,2 mill. kr for SKL AS og 48,0 mill. kr for konsernet. Korrigert for fallelige og overføringskostnader var dekningsbidraget 1 009,7 mill. kr i SKL AS og 1 031,6 mill. kr i konsernet, mot 652 og 667 mill. kr i 2017.

Det har vore godt tilgjenge i dei heileigde produksjonsanlegga i løpet av året. Det har ikkje vore lengre utilsikta nedetid på anlegga. Gjennom året har det vore gjennomført vedlikehald i samsvar med plan utan at det har hatt signifikant innverknad på produksjonen. Det vert elles utført reinvesteringar og oppgraderingar i anlegga i samsvar med plan.

Snittprisen for 2018 i prisområdet Blåfalli (NO2) vart 41,5 øre/kWh. Det er 14,7 øre/kWh høgare enn 2017. Den lågaste prisen fekk vi i januar med 31 øre/kWh. Deretter steig han jamt til oktober då det kom mykje nedbør. Så steig prisen igjen til 54 øre imot slutten av året.

Hovudvolumet av kraft vert seld til løpande spotpris på kraftbørsen Nordpool. Oppnådd pris på fri omsetteleg kraft i SKL vart 43 øre/kWh mot 27,8 øre/kWh i 2017. Tilsvarende tal for dei konsoliderte småkraftverka var 39,3 øre/kWh.

## OM ÅRSREKNESKAPEN

### Resultat

Rekneskapen for 2018 syner omsetning på 1 254,9 mill. kr for konsernet og 1 258,6 mill. kr for morselskapet. Resultat før skatt er 822,9 mill. kr for konsernet, tilsvarende tal for morselskapet er 813,8 mill. kr. Overskot etter skatt er 354,6 mill. kr. for konsernet og 346,0 mill. kr for morselskapet. Samanliknande overskot etter skatt var 152,9 mill. kr for konsernet og 150,6 mill. kr for morselskapet i 2017. Bokført skattekostnad i konsernet utgjør 468,3 mill. kr, medan bokført skattekostnad for morselskapet utgjør 467,8 mill. kr.

### Betring av årsresultat for mor- og konsern

- Høgare pris og godt tilsig aukar verdi av den selde krafta. Totalt auka netto sal av energi (fråtrukke kjøp) med 342,3 mill. kr i konsernet, 336,9 mill. kr i morselskapet.
- Prisen på elsertifikat, opphavsgarantiar og systemtenester har vore betre enn i 2017. Netto dekningsbidrag frå produksjonsverksemda auka med 364,7 mill. kr frå 667 til 1031,7 mill. kr.
- Lønnskostnadene er redusert med 3,9 mill. kr i konsernet. Reduksjonen kjem etter reduksjon av tal på tilsette etter naturleg avgang, samt auke i aktiverte lønnskostnader med ca. 2,5 mill. kr målt mot 2017.
- Andre driftskostnader er 14,7 mill. kr lågare enn tilsvarende i 2017. Eigedomsskatte-kostnaden er redusert med 7,2 mill. kr mens kostnader knytt til konsulent i utviklingsprosjekt er redusert med 7,9 mil. kr. Både 2018 og 2017 er påverka av kostnadsførte prosjektutviklingskostnader knytt til Opo-kraftverk med totalt 8,4 mil. kr i 2018 og 11,4 mill. kr i 2017.

- Av- og nedskrivning er redusert med 29,8 mill. kr. Dette skuldast nedskrivning i 2017 på 42 mill. kr knytt til byggmasse utanfor primæraktivitet. Det er gjort ytterlegare nedskrivning i 2018 på 12,4 mill. kr.
- Renteinntekter på utlån og plassering er noko høgare enn i 2017, mens utbytteinntektene frå engasjementet i Saudefallene AS er inntektsført med 12,75 mill. kr i 2018 mot 9 mill. kr i 2017. For morselskapet er det nytta kost-prinsipp på tilknytte selskap, mens renter på utlån til døtre er finansinntekt. Inntekt frå tilknytte småkraftverk er auka frå 3 mill. kr i 2017 til 7,5 mill. kr i 2018.
- Rentekostnaden er auka med 0,5 mill. kr frå 23,6 mill. kr til 24,1 mill. kr.
- Netto finanskostnad er redusert frå negativt 4,2 mill. kr i 2017 til positivt 4,8 mill. kr i 2018.
- Skattekostnaden er auka frå 253,4 mill. kr i 2017 til 468,3 mill. kr i 2018. Dette gir ein effektiv skattesats i 2018 på 56,9 % mot 62,4 % i 2017. Den høge effektive skattesatsen i 2017 hadde si årsak i nedskrivning og prosjektkostnader i 2017 utan frådrag i grunnrenteskatten.

Totalt er resultat for konsernet før skatt 416,6 mill. kr betre enn tilsvarende tal førre år. Etter skatt er resultatet betra med 201,7 mill. kr.

### Investeringar og langsiktige fordringar

Samla for selskapa som er konsolidert i konsernrekneskapen, inkludert minoritetar sin del, er det investert i varige driftsmidlar for netto 82,5 mill. kr i 2018, mot 72 mill. kr i 2017. Dei største postane gjeld:

- 51,3 mill. kr på prosjektet Løkjelsvatn kraftverk i Etne
- 2,7 mill. kr på ferdigstilling skifte av røyrgate på Børtveit.
- 10,2 mill. kr på rivingsprosjektet på Blåfalli II

- › 10,4 mill. kr i Sima/Ulla Førre, herunder Storlia Kraftverk.
- › 1,2 mill. kr i overvaking av kraftanlegg
- › 1,1 mill. kr i prosjektering Risvollselva kraftverk
- › I tillegg kjem mindre investeringar vannstandsmaal, utskifting av bilar, verktøyt mv.

For morselskapet utgjer sum investering i driftsmidlar 80,9 mill. kr.

### Balanse og likviditet

På konsernnivå hadde SKL ein likviditetsgrad 1 på 0,54 pr. 31.12.2018. Tilsvarende tal pr. 31.12.2017 var 0,59. Begge er prega av høg kontantbeholdning pr årsskifte, men stor betalbar skatt ved årsslutt.

Arbeidskapitalen er pr. 31.12.2018 negativ med 377,8 mill. kr for konsernet mot negativ med 200,8 mill. kr (inklusive bank) pr 31.12.2017. Endringa skuldast hovudsakleg auke i betalbar skatt ved årsslutt, motverka av auke i bankinnskott med 124,8 mill. kr i forhold til 31.12.2017.

Likviditetssituasjonen er god og i samsvar med planlagde handlingar frå konsernet. Tala må sjåast i samanheng med trekkrettar og kassakreditt på til saman 852 mill. kr. Samla gjeld knytt til obligasjonar er 600 mill. kr pr. 31.12.18, slik at faktisk likviditetstilgang gir ein reell likviditetsgrad større enn 0,54.

Konsernet sin soliditet er god. Etter avsett utbyte til eigarar er eigenkapitaldelen ved utgangen av året 59,6 %. Marknadsverdien i konsernet sine produksjonsanlegg er langt høgare enn bokførte verdier. Eigenkapitalen er forsvarleg ut frå risiko ved, og omfanget av verksemda i konsernet.

### Kontantstraum

Konsernet hadde kontantstraum frå drifta på 630,1 mill. kr etter endringar i fordringar, kortsiktig

gjeld og driftsrelaterte tidsavgrensingar. Tilsvarende tal for 2017 var 451,2 mill. kr. Etter netto investeringar i driftsmidler og finansielle egedelar på 90,5 mill.kr, nedbetaling av gjeld med 299,7 mill. kr og utbetaling av utbytte med 115 mill. kr er netto endring i kontantbeholdning 124,9 mill. kr opp til 391,1 mill. kr.

SKL hadde ein kontantstraum frå drifta på 611,9 mill. kr etter endring i fordringar, kortsiktig gjeld og driftsrelaterte tidsavgrensingar. Tilsvarende tal for 2017 var 431,8 mill. kr.

Avlagt rekneskap gir eit reelt bilete av verksemda og finansiell situasjon for 2018. Det er ingen hendingar etter årsskiftet som har vesentleg innverknad for årsrekneskapen 2018.

### FRAMTIDIG UTVIKLING

Framtidig inntening og finansiell stilling vert vurdert som god på både kort og lang sikt.

I tillegg til kraftpris er utviklinga i produksjonsvolum det som i størst grad påverkar resultatata.

Pris for el-sertifikat har mykje å seie for lønsemd i pågåande og planlagde investeringar i auka kraftproduksjon.

SKL arbeider med konkrete prosjekt for realisering av nye små- og storkraftverk. I tillegg står selskapet framfor betydelege re-investeringar i kraftverka i Etne der Løkjelsvatn kraftverk er under bygging. Dette kraftverket erstattar fleire eldre kraftverk og vil nytta energien i vatnet på ein meir effektiv måte.

Konsernet SKL har god soliditet, og drifta genererer stor positiv kontantstraum som sikrar likviditetssituasjonen. Avskrivningar og tilbakeholdt resultat har dei siste åra ytterlegare betra selskapet sin

## EIT REINDYRKA KONSERN INNAN PRODUKSJON OG UTVIKLING AV VASSKRAFT.

finansielle situasjon og gitt høve til å gjennomføra større investeringar.

SKL vil framover ha fokus på lønsam vekst innan fornybar vasskraft på den eine sida, og på den andre sida arbeide for å ytterlegare optimalisere og effektivisere SKL som eit reint produksjonsselskap.

### FINANSIELL RISIKO

SKL driv ei kapitalintensiv verksemd. Vekst og re-investering gir auka kapitalbehov i åra framover, samtidig som eksisterande låneporteføle må refinansierast.

SKL står blant anna ovanfor følgjande finansielle risiko:

- › Pris- og valuta risiko knytt til dagens og framtidig sal av eigenprodusert kraft, herunder pris på el-sertifikat
- › Renterisiko knytt til låneportefølje.
- › Refinansierings-risiko.

### Pris- og valutarisiko

Med kraftproduksjon basert på vasskraft vil tilgang på vatn og produksjonsevne variere frå år til år. For SKL, som har Folgefonna i sitt nedslagsfelt, vil breen representere ein utjamnande effekt i dei årlege variasjonane i SKL sitt største produksjonsanlegg. Volumrisikoen vert difor vurdert som noko mindre for SKL enn for bransjen generelt.

Grunna reduserte investeringsestimat for dei næraste åra, har SKL redusert andelen av produksjonen som vert prissikra.

### Renterisiko

Selskapet sin renterisiko frå låneportefølja vert sikra gjennom rentebyteavtalar.

### Re-finansieringsrisiko

Selskapet har ein finansieringsrisiko for kapitalbehov frå vekst og re-finansiering. Kort løpetid i låneportefølja aukar denne risikoen. Risikoen vert handtert gjennom spreiding av forfall over tid, samt finansieringsrammer gjennom trekkrettar.

## RESULTATDISPONERING

SKL si målsetjing er langsiktig verdiskaping. For å bidra til å bygga ein kapitalbase for vidare vekst, er det lagt opp til at selskapet held tilbake om lag 40 % av konsernresultatet. Kapitalutbetalinga til eigarane for 2018 rekneskapen vert foreslått til 210 mill. kr.

Ut frå kontantstraum og kapitalstruktur i konsernet, er det styret si meining at forslaget nedanfor til resultatdisponering er forsvarleg og i samsvar med dei skisserte måla for konsernet.

### Styret sitt forslag til disponering av overskotet for Sunnhordland Kraftlag AS for 2018:

Avsett til utbytte	kr 210 000 000
Avsett til annan eigenkapital	kr 136 050 000
<b>Sum disponering</b>	<b>kr 346 050 000</b>


Stord 25. februar 2019




**John Martin Mjånes**  
Adm. direktør



**Didrik Brun Ferkingstad**  
Styreleiar



**Olav Osvoll**  
Nestleiar




**Olav Linga**  
Styremedlem




**Ragnhild Bjerkvik**  
Styremedlem



**Benthe Enes Bondhus**  
Styremedlem



**Willie Wågen**  
Styremedlem



**Egil Åkra**  
Styremedlem tilsette



**Anne-Gro Fiveland**  
Styremedlem tilsette

# SELSKAPSSTRUKTUR OG ORGANISASJON



## Aksjonærforhold

SKL er eit regionalt eigd selskap. Etter kapitalutvidinga mot Haugalandet i 1951 var aksjonærforholda uendra i 45 år, fram til utgangen av 1996. Då kom BKK inn på eigarsida etter kjøp av aksjepostar.

## Eigarvilkår

Det er ikkje forkjøpsrett til aksjane, men overdraging krev styret sitt samtykke.

## Styret

Styret har åtte medlemmar. Fem blir valde av generalforsamlinga, Hordaland fylkeskommune oppnemnar eitt og dei tilsette vel to.

## Administrativ organisering

Fokus på resultatkrav og tilrettelegging for ei meir team- og prosjekterelatert arbeidsform innan alle område har vore sentrale føringar for SKL si overordna organisering.

AKSJONÆR	TAL PÅ AKSJAR	ANDEL AKSJAR
BKK AS	1 430 724	38,2 %
Fitjar Kraftlag SA	127 030	3,4 %
Fjelberg Kraftlag SA	111 216	3,0 %
Haugaland Kraft AS	1 998 463	53,3 %
Stord Kommune	80 109	2,1 %
Sum	3 747 542	100 %

# REKNESKAP



## ALLE TALL I 1000

KONSERN		MORSELSKAP	
2017	2018	2018	2017
		<b>DRIFTSINNTEKTER</b>	
		Note	
774 248	1 175 830	2,5	1 175 818
10 987	63 139	2,5	63 075
21 289	15 888	2,5	19 770
<b>806 524</b>	<b>1 254 857</b>		<b>1 258 663</b>
		<b>DRIFTSKOSTNADER</b>	
63 299	122 602	2,5	142 262
16 734	26 692	2,5	30 516
38 206	58 026	2,5	56 354
57 150	53 273	5,6,7	53 273
116 897	102 166	2,4,5,6	98 827
103 719	73 947	5,8	66 406
<b>396 005</b>	<b>436 706</b>		<b>447 638</b>
<b>410 519</b>	<b>818 150</b>		<b>811 024</b>
			<b>406 878</b>

ALLE TALL I 1000

KONSERN		MORSELSKAP	
2017	2018	2018	2017
<b>FINANSPOSTAR</b>			
7 091	7 992	12 980	12 142
2 997	7 502	0	0
0	0	0	0
9 320	13 350	13 350	9 321
-23 581	-24 059	-23 542	-24 290
<b>-4 173</b>	<b>4 786</b>	<b>2 788</b>	<b>-2 827</b>
<b>406 346</b>	<b>822 937</b>	<b>813 812</b>	<b>404 051</b>
253 443	468 340	467 762	253 496
<b>152 902</b>	<b>354 596</b>	<b>346 050</b>	<b>150 555</b>
<b>KONSERN</b>			
152 514	353 088		
388	1 508		
<b>152 902</b>	<b>354 596</b>		
<b>RESULTATDISPONERING MORSELSKAP:</b>			
		210 000	115 000
		136 050	35 555
		<b>346 050</b>	<b>150 555</b>



## ALLE TALL I 1000

KONSERN		MORSELSKAP			
31.12.2017	31.12.2018	EIGEDELAR	Note	31.12.2018	31.12.2017
		<b>Anleggsmidler</b>			
		<i>IMMATERIELLE EIGEDELAR</i>			
1 014 942	1 014 942	Vassdragsrettar	9	1 014 942	1 014 942
313 182	302 929	Utsatt skattefordel	9,12	298 976	309 916
<b>1 328 124</b>	<b>1 317 871</b>	<b>Sum immaterielle eigedelar</b>		<b>1 313 918</b>	<b>1 324 858</b>
		<b>Varige driftsmidler</b>			
575 830	576 089	Vassdragsreguleringar	8	456 675	453 768
786 206	772 201	Kraftstasjonar	8	696 892	707 731
146 818	131 203	Bygningar	8	90 412	105 085
35 554	35 884	Fordelingsanlegg	8	25 193	24 492
20 606	17 866	Fjernstyring/Teleanlegg	8	14 887	17 213
77 281	119 572	Anlegg under utføring	8	117 945	77 281
1 800	1 800	Tomter	8	1 800	1 800
15 037	12 433	IT/Transport- og andre driftsmidler	8	12 433	15 037
<b>1 659 131</b>	<b>1 667 048</b>	<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>1 416 238</b>	<b>1 402 407</b>

ALLE TALL I 1000

KONSERN		EIGEDLAR	Note	MORSELSKAP	
31.12.2017	31.12.2018			31.12.2018	31.12.2017
		<b>FINANSIELLE ANLEGGSMIDLAR</b>			
0	0	Investeringar i dotterselskap	10,5	32 001	32 001
79 958	87 460	Investeringar i tilknytt selskap	10	73 804	73 804
261 577	261 604	Øvrige aksjeinvesteringar	10	261 604	261 577
109 173	110 312	Langsiktige fordringar	2,3,11	321 747	329 012
<b>450 708</b>	<b>459 376</b>	<b>Sum finansielle anleggsmidlar</b>		<b>689 156</b>	<b>696 394</b>
<b>3 437 963</b>	<b>3 444 295</b>	<b>Sum anleggsmidlar</b>		<b>3 419 312</b>	<b>3 423 659</b>
		<b>Omløpsmidlar</b>			
		<b>FORDRINGAR</b>			
3 812	699	Andre fordringar	2,11	153	2 237
11 740	19 085	Andre finansielle omløpsmiddel	11	19 085	13 216
2 995	36 346	Kundefordringar	2,11	38 455	2 972
<b>18 547</b>	<b>56 130</b>	<b>Sum fordringar</b>		<b>57 693</b>	<b>18 425</b>
266 263	391 119	Bankinnskott, kontanter o.l.	4	380 116	256 179
<b>284 810</b>	<b>447 249</b>	<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>437 809</b>	<b>274 604</b>
<b>3 722 773</b>	<b>3 891 544</b>	<b>Sum eignedelar</b>		<b>3 857 121</b>	<b>3 698 263</b>

ALLE TALL I 1000

KONSERN				MORSELSKAP	
31.12.2017	31.12.2018	EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	31.12.2018	31.12.2017
		<b>Eigenkapital</b>			
		<i>INNSKOTEN EIGENKAPITAL</i>			
3 748	3 748	Aksjekapital	13,14	3 748	3 748
<b>3 748</b>	<b>3 748</b>	<b>Sum innskoten egenkapital</b>		<b>3 748</b>	<b>3 748</b>
		<i>OPPTENT EIGENKAPITAL</i>			
2 166 061	2 305 025	Annan egenkapital	14	2 301 471	2 169 697
<b>2 166 061</b>	<b>2 305 025</b>	<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>2 301 471</b>	<b>2 169 697</b>
8 370	10 027	Minoritet			
<b>2 178 178</b>	<b>2 318 799</b>	<b>Sum egenkapital</b>		<b>2 305 219</b>	<b>2 173 445</b>
		<b>Gjeld</b>			
		<i>AVSETNAD FOR FORPLIKTINGAR</i>			
54 929	48 024	Pensjonsansvar	7,11	48 024	54 929
85 650	81 014	Anna avsetnad for forplikting	11	81 014	85 650
<b>140 579</b>	<b>129 038</b>	<b>Sum avsetnad for forpliktingar</b>		<b>129 038</b>	<b>140 579</b>
		<i>ANNA LANGSIKTIG GJELD</i>			
600 000	600 000	Obligasjonslån	3,11	600 000	600 000
318 384	18 666	Øvrig langsikti gjeld	3,11	0	300 000
<b>918 384</b>	<b>618 666</b>	<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>600 000</b>	<b>900 000</b>

ALLE TALL I 1000

KONSERN		EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	MORSELSKAP	
31.12.2017	31.12.2018			31.12.2018	31.12.2017
		<i>KORTSIKTIG GJELD</i>			
14 059	47 461	Leverandørgjeld	2	49 951	14 963
246 057	456 230	Betalbar skatt	12	455 552	245 463
40 101	42 607	Avgifter, skattetrekk m.m.		41 924	39 369
70 415	68 745	Anna kortsiktig gjeld	11	65 437	69 443
115 000	210 000	Avsett til utbytte	14	210 000	115 000
<b>485 632</b>	<b>825 043</b>	<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>822 864</b>	<b>484 238</b>
<b>1 544 595</b>	<b>1 572 747</b>	<b>Sum gjeld</b>		<b>1 551 902</b>	<b>1 524 817</b>
<b>3 722 773</b>	<b>3 891 544</b>	<b>Sum egenkapital og gjeld</b>		<b>3 857 121</b>	<b>3 698 263</b>

ALLE TALL I 1000

KONSERN			MORSELSKAP	
31.12.2017	31.12.2018		31.12.2018	31.12.2017
		<b>LIKVIDERT TILFØRT / BRUKT PÅ VERKSEMDA</b>		
		<i>LIKVIDER TILFØRT FRÅ ÅRETS DRIFT</i>		
406 346	822 937	Resultat før skatt	813 812	404 051
-87 133	-246 063	Betalt skatt	-245 469	-86 830
103 719	73 947	Av- og nedskrivningar	66 406	97 321
<b>422 933</b>	<b>650 821</b>	<b>Netto tilført frå årets drift</b>	<b>634 749</b>	<b>414 542</b>
		<b>Likviditetsendringar i balansen</b>		
1 664	-33 351	Endringar i kundefordringar	-35 483	1 786
45 700	-4 232	Endringar i andre omløpsmidlar	-3 785	43 035
-16 257	33 402	Endring i kreditorar	34 988	-11 835
-2 838	-16 532	Endring i andre tidsavgrensingar	-18 531	-1 575
<b>28 269</b>	<b>-20 713</b>	<b>Netto likviditetsendringar i balansen</b>	<b>-22 811</b>	<b>31 411</b>
<b>451 202</b>	<b>630 108</b>	<b>SUM LIKVIDITETSENDNINGER FRÅ ÅRETS DRIFT</b>	<b>611 938</b>	<b>445 953</b>

KONSERN			MORSELSKAP	
31.12.2017	31.12.2018		31.12.2018	31.12.2017
		<b>LIKVIDER TILFØRT / BRUKT PÅ INVESTERINGAR</b>		
		<i>Likviditetsendring frå investeringar</i>		
-71 425	-81 866	Netto investering i varige driftsmidlar	-80 239	-53 977
3 830	-8 668	Endring andre anleggsmidlar /Langsiktige fordringar	7 238	-6 050
<b>-67 595</b>	<b>-90 534</b>	<b>Netto likviditetsendring frå investeringar</b>	<b>-73 001</b>	<b>-60 027</b>
		<i>Likviditetsendring frå finansiering</i>		
-261 007	-299 718	Endring anna langsiktig gjeld	-300 000	-261 000
-120 000	-115 000	Utbetalt utbyte/tilbakebetaling kapital	-115 000	-120 000
0	0	Kapitalutviding	0	0
<b>-381 007</b>	<b>-414 718</b>	<b>Netto likviditetsendring frå finansiering</b>	<b>-415 000</b>	<b>-381 000</b>
<b>-448 602</b>	<b>-505 252</b>	<b>Sum likviditetsendringar frå investering</b>	<b>-488 001</b>	<b>-441 027</b>
<b>2 600</b>	<b>124 856</b>	<b>Netto endringar i likvider gjennom året</b>	<b>123 937</b>	<b>4 927</b>
<b>263 663</b>	<b>266 263</b>	<b>Likviditetsbeholdning 01.01.</b>	<b>256 179</b>	<b>251 252</b>
<b>266 263</b>	<b>391 119</b>	<b>Likviditetsbeholdning 31.12.</b>	<b>380 116</b>	<b>256 179</b>

Deloitte.

Deloitte AS  
Sundgaten 119  
Postboks 528  
NO-5501 Haugesund  
Norway

Tel: +47 52 70 25 40  
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i Sunnhordland Kraftlag AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

#### Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

##### Konklusjon

Vi har revidert Sunnhordland Kraftlag AS' sin årsrekneskap som viser eit overskot i selskapsrekneskapen på kr 346 050 000 og eit overskot i konsernrekneskapen på kr 354 596 000. Årsrekneskapen består av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2018, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsernrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2018, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- er årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrifter
- gir selskapsrekneskapen som følgjer med eit rettvise bilete av den finansielle stillinga til Sunnhordland Kraftlag AS per 31. desember 2018 og av selskapet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som blei avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg,
- gir konsernrekneskapen som følgjer med eit rettvise bilete av den finansielle stillinga til konsernet Sunnhordland Kraftlag AS per 31. desember 2018 og av konsernet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som blei avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

##### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstjenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

##### Ytterlegare informasjon

Leinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NWE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

© Deloitte AS

Registrert i Foretaksregisteret: Medlemmer av Den norske Revisorsforening  
Organisasjonsnummer: 980 211 282

side 2  
Melding frå uavhengig revisor -  
Sunnhordland Kraftlag AS

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

##### Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen er leinga ansvarleg for å ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta, og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvika.

##### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstjenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstjenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapets og konsernets sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstjenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysingar som er utarbeidde av leinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstjenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysingane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysingar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet og konsernet ikkje held fram med drifta.

side 3  
Melding frå uavhengig revisor -  
Sunnhordland Kraftlag AS

- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysingane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvise bilete.
- innhentar vi tilstrekkeleg og formålstjenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

##### Utsegn om andre lovmessige krav

##### Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til resultatdisponering er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.


##### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysingar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Haugesund, 15 mars 2019  
Deloitte AS

  
Jørn Marcussen  
statsautorisert revisor

NOTAR





NOTE 1 – REKNESKAPSPRINSIPP .....	26	NOTE 8 – VARIGE DRIFTSMIDLAR .....	40
NOTE 2 – TRANSAKSJONAR OG MELLOM- VERANDE MED NÆRSTÅANDE PARTAR .....	28	NOTE 9 – IMMATRIELLE EIGEDLAR .....	42
NOTE 3 – FINANSIELL MARKNADSRISIKO .	32	NOTE 10 – AKSJAR OG ANDELAR I ANDRE SELSKAP .....	44
NOTE 4 – SAMANSLÅING AV POSTAR I REKNESKAPEN .....	33	NOTE 11 – FORDRINGAR, ANNA KORTSIKTIG- OG LANGSIKTIG GJELD .....	47
NOTE 5 – KONSOLIDERTE SELSKAP .....	35	NOTE 12 – SKATT .....	50
NOTE 6 – LØNSKOSTNADER, TILSETTE, GODTGJERSLE M.M. ....	36	NOTE 13 – AKSJEKAPITAL OG AKSJONÆRINFORMASJON.....	60
NOTE 7 – PENSJONSKOSTNADER/ -ANSVAR .....	38	NOTE 14 – EIGENKAPITAL.....	61
		NOTE 15 – PANT OG GARANTJAR.....	62

## NOTE 1 – REKNESKAPSPRINSIPP

### *Grunnleggande prinsipp – vurdering og klassifisering*

Årsrekneskapen er avlagt i samsvar med rekneskapsloven og god rekneskapskikk i Noreg gjeldande pr. 31.12.2018.

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som vert betalt tilbake innan eitt år eller som er ein del av selskapet sitt varekretsloop, vert klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av gjeld vert tilsvarande kriterium lagt til grunn.

Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffingskostnad med frådrag for av- og nedskrivingar. Omløpsmidlar er generelt vurdert til lågaste av anskaffingskostnad og verkeleg verdi.

Det er etter god rekneskapskikk gjort unntak frå dei generelle vurderingsreglane. Eventuelle unntak vert kommentert i dei aktuelle notane. Betinga tap som er sannsynlege og kvantifiserbare vert kostnadsført. Nærare omtale av enkelte postar er gjort nedanfor.

### *Rekneskapsprinsipp for vesentlege rekneskapspostar*

#### **Inntektsføring**

Inntektsføring ved sal av varer og tenester skjer på leveringstidspunktet. Forskottsbetalningar på kontraktar vert inntektsført ved levering av underliggende produkt.

Produsert kraft vært levert på sentralnettet, og inntekta er opptent på tidspunktet for levering. Konsernet sel krafta på kraftmarknaden hovudsakleg gjennom marknadsplassen Nordpool. Andre tenester vert inntektsført etter kvart som tenesta vert utført.

#### **Kraftproduksjon/krafthandel**

Konsernet har vedteke strategi og retningslinjer for si agering i kraftmarknaden. Selskapet driv finansiell handel i svært avgrensa omfang. Alle uoppgjorte terminkontraktar blir bokført til verkeleg verdi.

#### **Kostnadsføring / Samanstilling**

Utgifter blir samanstillt og kostnadsført samtidig med tilhøyrande inntekter. Utgifter som ikkje kan samanstillast med inntekter blir kostnadsført når dei er påløyst.

#### **Investering dotterselskap, tilknytt selskap og aksjar og andelar**

Selskap der morselskapet gjennom eigarskap eller avtale har bestemmande innflytelse er definert som dotterselskap og er konsolidert i konsernrekneskapen. Investeringar i dotterselskap som ikkje er vesentlig for konsernet enkeltvis eller samla, er haldt utanfor ved konsolideringa. I selskapsregnskapet er investeringar i dotterselskap bokført til anskaffingskostnad.

Tilknytt selskap er bokført etter eigenkapitalmetoden i både konsern- og selskapsrekneskapet. Det er gjort unntak frå eigenkapitalmetoden for investeringar i tilknytt selskap som ikkje er vesentlig for

konsernet enkeltvis eller samla. Investeringar i aksjar og andelar er bokført til anskaffingskostnad med nedskriving til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er forbigåande. Viser nærare omtale under note 10.

#### **Pensjonsforpliktingar**

Selskapet sitt pensjonsansvar i høve til den tariffesta tenestepensjonsordninga er dekkja gjennom pensjonsordning i BKK Pensjonskasse. Viser til nærare omtale under note 7.

#### **Varige driftsmidlar**

Varige driftsmidlar vert aktivert til anskaffingskostnad. Eventuelle renter i byggetida vert kostnadsført. Utvidingar og reinvesteringar som medfører auka kapasitet og/eller lengre levetid, vert aktivert. Eigne arbeid vert vurdert til tilverkingskost, aktivert og ført som kostnadsreduksjon på rekneskapslinja «Løn og sosiale kostnader» – Sjå note 6.

#### **Av- og nedskrivingar**

Avskrivingar vert gjort lineært over forventande økonomisk levetid. Anlegg vert avskrivne frå det tidspunkt det vert sett i drift. I hovudsak følgjer selskapa i konsernet rettleiande avskrivningstider for bransjen – sjå note 8.

Ved verdiendringar som ikkje er forbigåande vert anleggsmidlane nedskrive til verkeleg verdi. Verkeleg verdi er salsverdi fråtrekt kostnader ved avhending eller noverdi av framtidige innbetalingsoverskot. Nedskrivingsvurdering skjer samla for eigedelar i einingar som genererer kontantstraum uavhengig av

andre. Tidligere nedskrivninger vert reversert i den grad grunnlaget for nedskrivninga ikkje lengre er tilstades.

### Utviklingskostnader

Utviklingskostnader vert balanseført når det er sannsynleg at disse har framtidig økonomisk verdi.

### Felleskontrollert verksemd

